



Arkivsak 200906406-2
Arkivnr. 520
Saksh. Haugen, Birthe

Saksgang

Opplærings- og helseutvalet
Fylkesutvalet

Møtedato

21.09.2009 - 22.09.2009
23.09.2009

**HØRING FORLAG TIL FORSKRIFT OM REFUSJONSSATSER FOR
OPPLÆRING AV ELEVAR I HELSEINSTITUSJONAR**

SAMANDRAG

Kunnskapsdepartementet har sendt på høyring forslag til ny § 19-8 i forskrift til Opplæringslova. Forslaget gjeld refusjonssatsar for opplæring av pasientar i institusjonar for rusmiddelavhengige og institusjonar innan psykisk helsevern utanfor heimfylket.

FORSLAG TIL VEDTAK

Fylkesutvalet stiller seg positiv til forslaget om refusjonssatsar for opplæring av pasientar i institusjonar for rusmiddelavhengige og institusjonar innan psykisk helsevern utanfor heimfylke.

Paul M. Nilsen

Svein-Erik Fjeld

Vedlegg: "Høring - forslag til forskrift om refusjonssatser for opplæring av elever i helseinstitusjoner"
datert 19.06.09 med høringsnotat

FYLKESRÅDMANNEN, 10.09.2009:

Kunnskapsdepartementet har sendt på høyring forslag til ny § 19-8 i forskrift til Opplæringslova. Forslaget gjeld refusjonssatsar for opplæring av pasientar i institusjonar for rusmiddelavhengige og institusjonar innan psykisk helsevern utanfor heimfylket.

Høyringsfristen er onsdag 30. september 2009.

Bakgrunn for høyringa om refusjonssatsar

I Ot.prp. nr. 55 (2008-2009), som vart handsama og vedteken i Odelstinget 8. juni 2009, er det forslag om endringar i Opplæringslova § 13-3a slik at fylkeskommunen der institusjonen ligg, har rett til refusjon av utgifter til opplæringa frå fylkeskommunen der pasienten var busett på det tidspunktet pasienten vart innlagd. Refusjonsretten er avgrensa til å gjelde pasientar i institusjonar som tilbyr tverrfagleg, spesialisert behandling for rusmiddelavhengige og pasientar i institusjonar innanfor det psykiske helsevernet.

Formålet med lovforslaget er å medverke til ei rimelegare deling av dei økonomiske kostnadene som er knytta til opplæring av pasientar i institusjonar for rusmiddelavhengige og pasientar i institusjonar innan psykisk helsevern.

Ved tidlegare høyringsuttalar har fylkeskommunane peika på at det bør gjelde same ansvarsforhold og refusjonsordningar for pasientar i rus- og helseinstitusjonar som for barn i barneverninstitusjonar, dessutan at refusjonssatsane bør setjast i faste og færrest mogelege variantar slik at ordninga vert enkel å administrere.

Det er i høyringa lagt til grunn ei refusjonsordning med få, faste refusjonssatsar. Satsane er identiske med dei som vert nytta for barn i barneverninstitusjonar. Ordninga vil vere i samsvar med den refusjonsordninga som vart innført for barneverninstitusjonane med verknad frå 1. januar 2008.

Forslag til satsar:

Elev som ikkje har trong for spesialundervisning	kr 83 000
Elev med moderat trong for spesialundervisning	kr 245 000
Elev med omfattende trong for spesialundervisning	kr 485 000

Institusjonsfylket må krevje refusjon etter den av dei tre satsane som ligg nærmast dei reelle utgiftene til opplæringa. Forskrifta er ikkje til hinder for at fylkeskommunane kan inngå individuelle avtaler om andre refusjonsbeløp enn dei satsene som gjeld forslaget til ny § 19-8 i forskrift til Opplæringslova. Satsane i forskrifta leggjast til til grunn i alle tilfelle der fylkeskommunane ikkje er samde om andre løysingar. Ved tvist ved val av satsar er det føreslått at saka kan sendast inn til avgjerd hjå fylkesmannen i fylkeskommunen der institusjonen ligg. Klageinstans for vedtak om spesialundervisning vil også vere fylkesmannen i institusjonsfylket, jf. Opplæringslova § 15-2 andre ledd

Opplæringa av vaksne i rusinstitusjonar har eit mindre omfang enn for barn og unge i barneverninstitusjonar og institusjonar innan psykisk helsevern. Omfanget vil vere mindre både når det gjeld den tida det vert gjeve opplæring etter Opplæringslova, og når det gjeld tilrettelegging av opplæringa. Dette vert regulert ved at institusjonsfylket skal krevje refusjon etter den av dei tre satsane som ligg nærast dei reelle utgiftene til opplæringa.

Konklusjon:

Fylkesrådmannen meiner at den føreslåtte ordninga der refusjonssatsar og reglar for fastsetjing av satsar samsvarer med refusjonssatsane for barn og unge i barnevernsinstitusjonar, er sikra eit system som i eit større perspektiv gjev korrekt refusjon og sikrar at regelverket er gjennomførbart for fylkeskommunane.